



Advokatfirmaet Hustvedt & Co AS  
Postboks 127 Ulset  
5873 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2804 - 18/1977

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@meland.kommune.no


Dato:  
16.05.2018

## Seksjonering GBNR 23/528 - godkjenning av oppdeling i eigarseksjoner

Administrativt vedtak. Saknr: 27/2018

### Saksutgreiing:

Kommunen har motteke begjæring om oppdeling i 2 eigarseksjonar for gnr. 23 bnr. 528, Løypetona 4, 6.



Seksjoneringa gjeld nybygd vertikaldelt 2-mannsbustad. Igangsetjingsløyve til oppføring vart gjeve den 15.11.2016 i sak 16/2652. Huset ligg i området som er regulert til frittliggande småhusbebyggelse. Kvar bueining har eigen ytre inngang og eiga offisielle gateadresse. Seksjonane er klart avgrensa mot kvarandre. Det er tilleggsareal i bygg for begge seksjonane ( utvendige terrassar i begge etasjar).

Utearealet på eigedommen er fellesareal for seksjonane.

Det er utarbeidd og lagt ved vedtekter for sameiget: gnr 23 bnr 528 i Meland kommune.

#### **VURDERING:**

Begjæring om seksjonering er i 3 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsplan (kommunen har utarbeidd oppdatert situasjonskart etter fullføring av arealoverføringar. Alt uteareal er felles. Vedlegg 1.
- Planteikningar av bustadhuset der dei 2 seksjonane er markert- begge plan. Vedlegg 2.
- Vedtekter for sameiget gnr 28 bnr 528 ( skal ikkje tinglysast)
- Søknaden er signert av heimelshavar som har signaturrett.
- Fullmakt til advokat - Søknaden er innsendt av advokatfirmaet Hustvedt & Co AS.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar krava i lov om eigarseksjonar.

#### **Vedtak**

«Meland kommune godkjenner, i medhald av § 9 i Lov om eigarseksjonar, begjæring om oppdeling i 2 eigarseksjonar for sameiget, gnr.23 bnr 528 , på grunnlag av situasjonsplan, planteikningar og vedtekter.

Seksjonsnr. 1 - 2 er likeverdige bustadseksjonar med sameigebrøk 1/2 kvar. Dei enkelte seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre med delelinje midt i bygningen. Begge seksjonane har tilleggsareal B som gjeld utvendige terrassar i tilknytning til bygning i begge etasjar.

Utearealet på eigedommen er fellesareal for dei 2 seksjonane».

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven§ 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland ,jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for kommunen si handsaming av søknaden om seksjonering vert ettersendt, jf. høvesvis Matrikkellova §7 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Då gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det vert kravd gebyr eller over storleiken på gebyret, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut ifrå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå  
fagansvarleg gis/geodata

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Gripsgård Eiendom AS

Moldekleivmarka 5918  
69A

FREKHAUG